



Taule Eiendom og Invest AS
Frode Taule
Storsteinen 3
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/653 - 23/5054

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
31.05.2023

Løyve til frådeling av område merka BUN /fellesnaust på gbnr 160/70 - Lauvøy

Administrativt vedtak. Saknr: 057/23

Vi syner til søknad motteke den 25.05.2023.

Vedtak

Austrheim kommune gjev løyve til omsøkt frådeling av ein tomt til fellesnaust på gbnr. 160/70 på Lauvøy. Grunngevinga for frådelinga er at søknaden er i tråd med reguleringsplan for området. Vedtaket er heimla i plan-og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.

Saksutgreiing:

Det er søkt om frådeling av ein tomt til fellesnaust på gbnr. 1060/70. Søkjar skriv at tiltaket gjeld frådeling i tråd med vedtatt reguleringsplan. Tomten som skal frådeles er på om lag 0,15-0,2 dekar, frådelinga er vist på kart i søknad. Søknad er varsla på vanleg måte, det er ikkje kome inn merknadar frå naboar i saka.


Kjøpar av den omsøkte hyttetomten er hyttefellokapet i området, Lauvøy hyttelag.

Spesifikasjon av parsell(ar) som vert søkt oppretta som matrikkeleining(ar):				
Parsell nr.	Areal ca. m²	Arealtype for deling	Eventuelt journal nr	Eventuelt namn og adresse på kjøpar/festar
A	150-200	Uthus/naust/badelus		Lauvøy hyttelag



Heimselshavar har signert søknaden på vanleg måte den 12.05.2023. Den nye eigedomen vil få tilkomst frå privat regulert veg fram til den fradelte tomten. Vegrett eller gangrett til eigedomen må tinglysast. Det er kommunalt vatn i området, men ikkje kommunalt avløp i området.

Desse opplysingane gjer at kommunen vurderer det slik at naudsynt infrastruktur er på plass for at delinga kan gjennomførast.



Delingsplan er vist over. Plankart viser reguleringa BUN:

Austrheim kommune ser at søknaden er i tråd med godkjent reguleringsplan og planendring for området, og kan godkjenne denne frådelinga som omsøkt. Austrheim kommune legg til grunn av naudsynte rettar til veg og eventuelt vatn for den nye nausttomten er eller vert tinglyste. Søkjar har vist tenkt plassering av fellesnaust, detaljar omkring dette kjem ein tilbake til i byggjesøknaden.

Detaljar omkring frådelinga vert elles teke i kartforretninga. Lykke til med vidare arbeid.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at

klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Alf Kvant

Mottakere:

Taule Eiendom og Invest AS

Storsteinen 3

5911

ALVERSUND